

Gudstenester

I Knarvik kyrkje er det gudsteneste nesten kvar søndag, som oftast kl. 11. Den siste søndagen i månaden er gudstenesta kl. 19. Kveldsgudstenesta har eit litt anna uttrykk og nokre gongar særskilte tema.

I Alversund kyrkje er det gudsteneste kl. 11 den siste søndagen i månaden.

I løpet av året er det 5-6 familiegudstenester. Dette er gudstenester som ofte er knytta opp til eit trusopplæringstiltak: Utdeling av 4-årsbok, Tårnagentar og Lys Vaken.

På mange av gudstenestene er det kor, solistar og musikarar som deltek. Ofte er det kyrkjekaffi eller kyrkjekvelds etter gudstenestene.

I Tårnrommet og på Kyrkjetorget er det leiker og teiknesaker som dei yngste barna kan bruke saman med foreldre eller andre vaksne under gudstenesta.



Søndagsskule og Juniorgruppe

Ca ein gong i månaden vert det eiga samling for barn (t.o.m. 2. kl.) og juniorar (f.o.m. 3. kl.). Alle startar i kyrkjerommet og barna/juniorane går til eiga samling litt ut i gudstenesta.

Husgruppe/bibelgruppe

Kyrkjelyden har nokre grupper som møtast i heimane. Fellesskap, samtale, bibel og bøn. Ta kontakt om du ønskjer å vere med.

Alversund sokn har kontor i Knarvik kyrkje
Opningstid: Tysdag kl. 12-14, onsdag-fredag kl. 9-14
Telefon: 56 37 59 30
E-post: post.knarvik@kyrkja.no
Heimeside: knarvikkyrkje.no
Postadresse: Postboks 228, 5903 Isdalstø
Besøksadr.: Lonsvegen 100.
11.09.2019



DEN NORSKE KYRKJA



Velkommen til

Alversund kyrkje

Knarvik kyrkje

Alversund kyrkjelydshus

Aktivitetar i Knarvik kyrkje

Babysong

Har du ein liten i alderen 0-2 år?
Velkomen til ei koseleg stund med song, musikk, bevegelse og rytme. Me samlast måndagar frå kl. 10.30-12.30. Etter sangstunda blir det leik og prat. Ta gjerne med matpakke, vi serverer kaffi, te, kjeks og frukt.



Kyrkjeklubben

Ein klubb for menneske med utviklingshemming. Song og leik. Kveldsmat. Samling i kyrkjerommet. Første måndag i månaden kl. 18.

Kom innom

Vaffel og prat, ein onsdag i månaden kl. 17.30-19.00.



Bønesamling

Bønesamling i kapellet i Knarvik kyrkje tysdagar kl. 17.45-18.30.

Kulturkafé

Møte mellom menneske. Dette er ein fleirkulturell møteplass for born og vaksne 3-4 fredagar i semesteret kl. 17.30-19.30.

Ungdomslørdag

Annankvar lørdag kl. 19.00-22.30. Frå 8. kl. Mat, aktivitetar, fellesskap, andakt, leik, spel, kiosk.



Konsertar m.m.

Sjå plakatar, annonse i avisene, knarvikkyrkje.no og lik «Knarvik kyrkje» på Facebook for oppdatert informasjon.

Barnekor i Knarvik kyrkje

Knøttekoret frå 2-3 år t.o.m 1. klasse

Knøttekoret øver annankvar veke onsdag 17.30-18.15. Koret har eit variert sangutval og skjelpadda Shelly er ofte med på øvingane. Dei som er for store for Knøttekoret, er velkomne til SingSingeling i Alversund.



Barnekor i Alversund kyrkjelydshus

Solstrålen

For born mellom 3 og 5 år
Koret øver annankvar onsdag kl. 17.00-17.45.

SingSingeling

For 1.-3. klasse.
Koret øver onsdagar kl. 18.15-19.15.

Sing Out

For 4.-7. klasse.
Koret øver onsdagar kl. 19.15-20.15.



Alversund KFUK-KFUM-speidere

Stifinnarane, 3.-4. klasse, overnattar ute ein gong i månaden.
Vandrarane, 5.-10. klasse, har møter på kyrkjelydshuset annankvar torsdag og drar i tillegg på turar.

Alversund Kammerkor

Øver tysdagar 19:00-21.00 i Knarvik kyrkje. Nye medlemmer er velkomne.

Knarvik Gospel

Øver annankvar torsdag i Knarvik kyrkje 19.30-21.30. Koret er for vaksne i alle aldrar.



Dei fleste aktivitetane finn du på Facebook. Sjå også knarvikkyrkje.no eller ring kyrkjekontoret 56 37 59 30.